



Arkivnr: 2014/11976-15

Saksbehandlar: Inge Edvardsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		14.04.2015
Fylkesutvalet		22.04.2015

Omklassifisering av del av fv. 7 - Haukanesberget

Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av ein del av fylkesveg 7 ved Haukanesberget i Granvin herad. I den nye tunellen gjennom Haukanesberget vert det òg lagt til rette for sykkeltrafikk. Det er då ikkje grunnlag for å oppretthalde dagens trasé som offentleg veg og den vert foreslått omklassifisert til privat veg og overført til grunneigarane.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at:

1. Del av fylkesveg 7, hp 11 km 5,710 – 7,240 mellom Haukanes og Folkedal, med ei lengde på 1,530 km vert nedklassifisert til privat veg og overført til grunneigarane vederlagsfritt.
2. Statusendringa vil skje frå det tidspunktet det vert sett trafikk på ny fylkesveg 7 gjennom tunellen og krav i «*retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres eller legges ned*» er gjennomført.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.03.2015

Statens vegvesen sendte i brev av 2. februar 2015 tilråding til omklassifisering frå fylkesveg til privat veg for del av fv. 7 i Granvin herad.

Bakgrunn for saka

Det overordna målet med tunellen gjennom Haukanesberget er rassikring av vegstrekninga. Tunellen vil betre tryggleiken for alle trafikkantar på strekninga. Dette er forventa å gi reduserte kostnader på strekninga som følgje av færre ulykker og opprydding etter ras. Betre framkomme på strekninga for alle trafikantar vert òg sikra gjennom tunellen.

I planomtalen er det lagt til grunn at både bil og sykkeltrafikk skal gå gjennom tunellen, det vert lagt til rette for det gjennom kvitkalking av tunellveggane og forsterka lyssetting.

Det vert med dette ikkje grunnlag for å oppretthalde dagens veg som offentleg veg, og vegen vert nedklassa til privat veg og overført til grunneigarane.

Granvin herad har i brev av 15. januar 2015 gitt si tilslutning til omklassifiseringa, og tilrår at vegen vert omklassifisert til privat veg grunna i at dei ikkje vil ta på seg vedlikehaldskostnadane ved veghaldet.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen legg til grunn at krava som er stilt til vegar som skal omklassifiserast vert gjennomførte, og gir elles støtte til Statens vegvesen sitt forslag til innstilling.